

# Er bilkjøring lett?



Kjell Torsmyr, seniorrådgivar, HiNT

**Massebilismen** har festa grepet om landet vårt. Det fins meir enn 2 millionar personbilar. 80 prosent av befolkninga over 18 år har førarkort. Å kjøre bil blir oppfatta som enkelt og uproblematisk fordi det er så vanleg. Men er bilkjøring verkeleg så lett?

**Lett skulle** det bli for alle å få seg bil, ifølge Henry Ford. I 1909 kunngjorde han at T-forden skulle vere stor nok til ein familie og liten nok til at ein person kunne kjøre og vedlikehalde den. I landet vårt var det 408 motorkjøretøy i 1910. Talet på personbilar auka til 25 000 dei to neste tiåra. Krakket i verdensøkonomien i millomkrigsåra og andre verdenskrig stoppa ein gryande bilisme. Men draumen om eigen bil heldt seg levande. Då Tarjei Vesaas vann den internasjonale Venezia prisen i litteratur i 1952 og familien vart spurt om kva pengane skulle brukast til, svara diktaren sin son "Folkevogn". Ei tidstypisk utsegn om kva folk flest ønskte seg.

**Lettare skulle** det verte å bli bilfører etter at salget vart frigjort i 1960. I det neste tiåret skaut talet på personbilar i veret frå 225.000 til 850.000. Kjøreskolane hadde lange ventelister med alle som trong opplæring, og dei bilsakkunnige arbeidde under høgtrykk for å tilby nok førarprøver. Bilen vart etter kvart allemannseige og statussymbol på same tid. Ein amerikansk professor på gjesting i Noreg hevda at bilkjøring ikkje nødvendigvis var den billegaste, mest komfortable eller mest effektive måten å komme fram på. "Bilen er kostbar både i pengar og menneskeliv - tru ikkje på dei falske løfte den gir om eit lykkeleg tilvære", åtvara han. Ord til ettertanke frå ein som hadde vore vitne til massebilismens skuggesider i sitt eige heimland!

**Lettast vart** det å bli bilfører frå 1970-talet etter kvart som privatbilismen nådde nye høgder, og kjøreskolane fekk kapasitet til raskare å innfri publikum sine aukande behov for bilføreropplæring. Drivkreftene var særleg ekspansjonen innafor industrien og næringslivet, utdanningsekspljosjonen, kvinnefrigjerings og velstandsutviklinga. Frå 1970 til 2005 vart talet på personbilar dobla frå over 1 million til over 2 millionar. Førarkort på 18-årsdagen og eigen bil vart eit realistisk mål for dei mange.

# Forskningsdagene

**Åtti prosent** av all persontransport skjer med personbil, og halvparten av nyttepersonen finn stad på våre vegar. Transport frå dør til dør "just in time" uttrykker bilen sine fordelar i samfunnet vårt. Slik har vi gjort oss avhengige av bilen som verdiskapar både i samfunnsøkonomien og i hushaldningane. Ein amerikansk sosiolog har sagt at det viktigaste som bilismen symboliserte, var materiell rikdom, høgare levestandard, individuell fridom og betring i livskvaliteten gjennom ein kombinasjon av bylivet sine gleder og landlivet sine fordelar. Fortrollande ord som ein kan bli lett til sinns av!

**Uendeleg lett** vert det såvisst ikkje om ein tek med verditapet som følger av massebilismen, trafikkulykkene, forureininga og arealbruken. I tillegg kjem menneskelege tragediar, uerstattelege tap og sakn som ulykkene etterlet seg. Medaljen si baksida viser ein prislapp minst på 25 milliardar kroner, 250 omkomne og 12.000 skadde årleg. Desse realitetane seier at bilkjøring er ei tung bær for individ og samfunn og eit nasjonalt helseproblem. Ofra på vegane bær uroa alle nok til å innsjå at bilkjøringa må frigjerast frå illusjonen om noko som berre er ein kvardagsleg og uskuldig aktivitet eller ein ufarleg fritidssyssele.

**Dei fleste ulykkene** skuldast førarfeil, så førarretten må takast på alvor. I dagens og morgondagens kompliserte trafikk treng ein i tillegg til betre vegar og sikrere bilar også dugelege bilførarar. Dette er naudsynt for at sjølv trafikkssystemet skal fungere godt nok. Til det lyt vi ha profesjonell opplæring og prøve som til ei kvar tid er tufta på ny kunnskap og beste praksis. Høgskolen i Nord-Trøndelag har som ei nasjonal oppgåve å rusta opp trafikkfærdigheitsutdanning. I tillegg vert kompetansen til førarprøvesensorene styrka.

**Forskinga for** å heve kvaliteten på bilføraropplæringa og førarprøva kan halde Noreg i fremste rekkje internasjonalt innafør dette trafiksikkerheitsfeltet. Målet er meir medvetne bilførarar som både syter for god samhandling på vegane og ser bilkjøring i eit samfunnsperspektiv i staden for berre å tenkje på egne interesser. Det som mange synest er uendeleg lett kan bli ei kraft som veg tungt i kampen for å spare liv og skåne miljøet. Verditapet i massebilismen sine hjulspor vert dermed mindre. Då kan vi lettare forsvare den overfor framtidens generasjonar.

*(Publisert i Trønder-Avisa den 15.10.08)*